

Øygarden kommune
Ternholmvegen 2,
5337 Rong

TILSYNSRAPPORT

Skulemiljø:

skulens plikt til å arbeide førebyggjande
og informere og involvere elevar og foreldre

Øygarden kommune - Skogsvåg skule

Sak 2020/8672

Samandrag

Vi fører tilsyn med Øygarden kommune. Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Vi har undersøkt forhold som gjeld

- plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø
- plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som arbeider på skulen krenkjer ein eller fleire elevar
- plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

Reglane som regulerer desse pliktene finn vi i opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3, 9 A-4, 9 A-5, 9 A-9 og forvaltningslova § 11. Skogsvåg skule er valt ut etter ei vurdering av kor sannsynleg det er at skulen ikkje oppfyller krava i opplæringslova, og grunnlaget for vurderinga er ei risikovurdering som går fram av kapittel 1.2.

Føremålet med tilsynet er å kontrollere om kommunen oppfyller krava i regelverket når det gjelder skulens aktivitetsplikt for å sikre at eleven har eit trygt og godt skolemiljø.

Tilsynsrapporten omhandlar våre funn knytt til temaet som er valt, på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

Fylkesmannen konkluderer med at Øygarden kommune ved Skogsvåg skule ikkje oppfyller pliktane etter gjeldande regelverk.

Øygarden kommune må syte føre at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A-4.

Våre vurderingar er basert på innsendt dokumentasjon, innsendte eigenvurderingar og intervju.

Vegen vidare

Fylkesmannen har sett frist for retting til 25. mars 2021. Øygarden kommune må sende oss ei erklæring om at forholda er retta og ei utgreiing om korleis brota er retta.

Innhald

1	Innleiing	4
1.1	Kort om kommunen	4
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	4
1.3	Rektor skal sikre, følgje opp og sørge for.....	5
1.4	Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport.....	6
2	Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø	6
2.1	Rettslege krav.....	6
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	8
3	Plikta til straks å varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar.....	19
3.1	Rettslege krav.....	19
3.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	20
4	Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak	24
4.1	Rettslege krav.....	24
4.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	25
5	Våre reaksjonar.....	29
5.1	Pålegg om retting	29
5.2	Oppfølging av pålegga.....	30
6	De kan gi tilbakemelding på rapporten.....	30

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30. I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentleg myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentleglova. I tilsynet behandler vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/.

1.1 Kort om kommunen

Skogsvåg skule ligg i Øygarden kommune, og har ifølge Grunnskulens informasjonssystem (GSI) 267 elevar på 1.-7. årssteg skuleåret 2019-2020. Skulen låg tidlegare i Sund kommune, men hører no til nye Øygarden kommune.

Vi valde å opne tilsyn med skulens aktivitetsplikt på bakgrunn av ei risikovurdering. I elevundersøkinga kom det fram at fleire elevar ved skulen siste skuleår har svara at dei opplever mobbing. Vi såg òg ein nedgang i indikatorane for trivsel, motivasjon, elevdemokrati og læringskultur. Då vi såg på skulebidragsindikatoren for 1.- 4. årssteg, det vi seie skulens bidrag til elevane si læring, viste den eit lågare resultat enn det nasjonale snittet siste fem år.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Øygarden kommune i brev frå 29. mai 2020. De vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Kommunen hadde frist til 15. september 2020 med å sende inn eigenvurdering i RefLex¹ frå skuleleiing, lærarar og assistentar. Vi bad om å få tilsendt dei fem siste aktivitetsplanane etter opplæringslova § 9 A-4 frå Skogsvåg skule. Vi mottok eigenvurderingar og anna dokumentasjon innan fristen. Vi gjennomførte intervju på Teams den 1. oktober 2020 med representantar for elevane, to kontaktlærarar frå 1.- 4. trinn, to kontaktlærarar frå 5.-7. trinn og rektor.

Temaet for tilsynet er skulens aktivitetsplikt for å sikre at elevane har eit trygt og godt skolemiljø. Temaet inngår i felles nasjonalt tilsyn frå 2018. I tilsynet har vi kontrollert følgjande undertema:

1. Plikta til å følge med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø
2. Plikta til å straks å varsle, undersøke og setje inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar
3. Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

¹ Eigenvurderingsspørsmål og rettleiingsmateriale er tilgjengeleg i RefLex: <http://reflex.udir.no/>. RefLex er eit nettbasert verktøy som gir skular og skuleigar hjelptil å vurdere om eigen praksis er i samsvar med regelverket.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Formålet med tilsynet er å kontrollere om Øygarden kommune følgjer regelverket i opplæringslova med forskrifter. For å kontrollere dette undersøker vi skulen sin praksis ved Skogsvåg skule.

Vi sende ein førebels tilsynsrapport til kommunen den 2. desember 2020. Kommunen fekk frist til 17. desember 2020 for å kommentere rapporten. Vi mottok kommunens tilbakemelding innan fristen.

Tilsynsrapporten gjev ikkje ei heilskapsvurdering av skuleeigaren og opplæringsstaden. Rapporten omhandlar berre resultat knytt til temaet som er valt, og på det tidspunktet tilsynet er gjennomført.

1.3 Rektor skal sikre, følgje opp og sørge for

I fleire av kontrollsmåla er det stilt spørsmål om rektor «sikrar», «sørgjer for» eller «følgjer opp». Omgrepene stiller ulike krav til rektor, men har til felles at rektor må jobbe systematisk for å oppfylle lova.

Rektor skal sikre

At rektor skal sikre at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at vi undersøker om rektor har bestemt ein fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylle kravet. Dette er nødvendig der regelverket gir skulen eit handlingsrom for korleis de skal oppfylle kravet. Skulen må sjølv bestemme korleis ein skal gå fram i kvar enkelt sak. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men framgangsmåten må vere eigna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg til følgje opp at dei tilsette på skulen brukar framgangsmåten i praksis.

Framgangsmåten må vere kommunisert ut til dei tilsette og må skildre korleis skulen skal oppfylle eit lovkrav. Det held ikkje at sjølve lovkravet er kommunisert ut til dei tilsette. Det skal vere ein framgangsmåte som tek føre seg korleis skulen skal jobbe for å oppfylle eit lovkrav der lova ikkje har bestemt korleis skulane skal oppfylle eit lovkrav. Det er også eit krav at denne framgangsmåten er kjend blant dei tilsette, og at dei brukar framgangsmåten i praksis.

Rektor skal følgje opp

I nokre tilfelle er framgangsmåten gitt. Skulen har då ikkje eit handlingsrom for korleis dei skal oppfylle kravet. At rektor skal følgje opp at skulen oppfyller eit krav i regelverket, betyr at rektor må forsikre seg om at den bestemte framgangsmåten blir følgt opp i praksis på skulen.

Rektor skal sørge for

At rektor skal sørge for at eit krav blir oppfylt, betyr at oppgåva er av ein slik art at det ikkje er nødvendig med ein fast framgangsmåte. Kravet er at rektor systematisk jobbar for at lovpålagde oppgåver blir følgt opp.

Andre omgrep

Når kontrollspørsmåla ikkje inneholder krav om at rektor skal sikra, følgje opp eller sørge for, tyder det at vi ikkje vurderer det systematiske arbeidet til rektor, men berre om rektor oppfyller kravet i praksis.

1.4 Kommunens tilbakemelding på førebels tilsynsrapport

Vi har vurdert tilbakemeldinga frå kommunen. Der tilbakemeldinga har tilført ny informasjon er dette innarbeidd i rapporten. Kommunen har sendt inn rutine og ressursbank frå gamle Sund kommune i samband med kommentar til førebels rapport, fordi dette ikkje var sendt inn tidlegare. Det går ikkje fram korleis denne ressursbanken vert nytta i daglege arbeidet.

2 Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø

2.1 Rettslege krav

Alle elvar har rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2.

Plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø, kallar vi skulens aktivitetsplikt.

Aktivitetsplikta er beskriven i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å følgje med på om elevane har eit trygt og godt skolemiljø

Alle som jobbar på skulen, skal vere merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø. De skal følgje spesielt godt med på sårbare elevar. De må skaffe dykk informasjon frå elevane om korleis dei opplever skolemiljøet. Det er elevane si eiga subjektive oppleveling av skolemiljøet som er avgjerande. De skal dokumentere korleis de følgjer med. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal følgje med, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å gripe inn mot krenkingar dersom det er mogleg

Plikta til å gripe inn handlar om straks å stanse negativ oppførsel, for eksempel ved å bryte opp ein slåsskamp eller stanse ein utfrysingssituasjon. Alle som jobbar på skulen, skal ha nulltoleranse mot krenkingar som for eksempel uteslenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakkassering. De skal dokumentere korleis de grip inn. Rektor skal sørge

for at alle som jobbar på skulen grip inn mot krenkingar.

Plikta til å varsle rektor

Plikta til å varsle rektor gjeld all mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Tilsvarande gjeld tilfelle der ein elev seier frå om at han eller ho ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at eleven ikkje har det trygt og godt på skulen. Saka avgjer kor raskt rektor må få varsel.

Rektor skal varsle skuleeigaren om alvorlege tilfelle. Dette kan gjelde saker der krenkingane er særleg valdelege eller integritetskrenkjande, eller der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

De skal dokumentere det de gjer for å varsle.

Plikta til å undersøke alle saker

Så snart de får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø, skal de undersøke saka nærrare.

Alle elevar som er involvert i saka, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette for og ufarleggjere samtalens. Elevane kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

Undersøkingane skal få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven opplever skulemiljøet. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd, og om éin eller fleire elevar opplever at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. De skal dokumentere korleis de undersøker saka. Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøke, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å setje inn eigna tiltak

Plikta til å setje inn tiltak gjeld uavhengig av kva som er årsaka til at eleven ikkje opplever skulemiljøet som trygt og godt.

De skal velje tiltak ut ifrå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Vurderingane skal basere seg på kunnskap, prinsipp og verdiar som er utvikla og anerkjende av kompetente fagmiljø. De må tilpasse tiltaka til saka og elevens heilskaplege behov.

De må ta stilling til kva som er elevens beste i saka. Dette gjeld også for andre elevar som er involvert i saka eller blir direkte påverka av tiltaka. Momenta i vurderinga kan vere elevens syn på kva som bør vere innhaldet i aktivitetsplanen, elevens identitet og karaktertrekk og eigenskapar, familiemiljø og nære relasjonar, vern, omsorg og tryggleik, sårbarheit eller sårbare situasjonar, elevens rett til liv og utvikling, elevens fysiske og psykiske helse og elevens rett til utdanning. Det skal sterke omsyn til for at de kan setje elevens beste til side. Det må takast stilling til kor stor vekt elevens beste skal ha.

Samla sett skal de gjennomføre dei tiltaka som det er rimeleg å vente av dykk i den enkelte saka. Rektor skal sikre at dette blir gjort.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Har alle som jobbar på skulen, kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø?

Vår observasjon

Vi undersøker om alle som jobbar på skulen, har eller får kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Skulen har sendt inn «Plan for eit trygt og godt skulemiljø i skulane i Sund kommune», datert mai 2018. Rektor fortel i intervju at skulen bruker denne planen i sitt arbeid med skulemiljø. I planen går det fram at elevens rett til eit trygt og godt skulemiljø skal tolkast vidt, og at det er elevens subjektive oppleving som er avgjerande.

Det går fram av innsendt referat at rektor har snakka om planen for eit trygt og godt skulemiljø på planleggingsdagane for personalet i august 2020. Dette blir også stadfesta av lærarane i intervju. Både i eigenvurderinga og i intervju kjem det fram at lærarane tek utgangspunkt i elevens subjektive oppleving.

Ein gjennomgang av dei innsendte aktivitetsplanane viser at skulen har teke utgangspunkt i elevens subjektive oppleving av situasjonen når dei har laga ei problemkildring i dei aktuelle sakene.

Vår vurdering

Kravet er at alle som jobbar på skulen har eller får kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø.

Fylkesmannen finn at tilsette som arbeider på skulen har kunnskap om at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt på skulen. Rektor har hatt ei gjennomgang av skulen sin plan for eit trygt og godt skulemiljø med personalgruppa ved oppstart i august. Rektor har også vist at dei går gjennom dette på planleggingsdagar og samlingar gjennom året. Dei tilsette fortel om samtalar om tematikken i personalgruppa. Innsendte aktivitetsplanar viser at skulen har lagt elevens subjektive oppleving til grunn i dei innsendte aktivitetsplanane.

Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at alle som arbeider på skulen har kunnskap om og legg vekt på at det er elevens subjektive oppleving som avgjer om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer spesielt godt med på elevar med ei særskild sårbarheit?

Vår observasjon

Om personalets kompetanse

Vi undersøker om rektor gir alle som jobbar på skulen kompetanse til å kjenne att teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Det går fram av eigenvurderinga at personalet har ein årleg gjennomgang av skulens plan for eit trygt og godt skolemiljø. Planen skildrar kva som kan reknast for å vere krenkjande åtferd. Vidare ser vi at planen har eit avsnitt kalla «*Krenkinga har opphøyrt – kva no*» som omtalar verknadar av krenking og symptom hjå barn som har blitt eller blir krenkt. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det i planen er nærmere omtalt kva som kan være teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Det kjem fram i intervju med rektor at ho er oppteken av *den relasjonelle vaksne* og at dei tek opp temaet på fellesmøte på skulen. Omgrepet er knytt til klasseleiing som satsingsområde i tidlegare Sund kommune. På spørsmål om lærarane har fått tilført relevant kompetanse slik at dei kan kjenne att teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt, viser lærarane til at dei har hatt kurs i klasseleiing og relasjonsbygging. Dei har òg hatt kurs i handtering av elevar med autisme.

Om å følgje med på den enkelte elev

Vi undersøker om rektor sørger for at alle som jobbar på skulen, i praksis er merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har det bra.

I planen for eit trygt og godt skolemiljø står det på side 15 korleis gamle Sund kommune har tenkt at skulane skal følgje med på elevane sitt skolemiljø. Vaktordning, strukturerte samtalar, ulike undersøkingar og møte med elevar og foreldre er døme på dette. Det går òg fram når dei ulike tiltaka skal gjennomførast og kven som er ansvarleg for oppfølginga.

Rektor viser i eigenvurderinga at skulen har eigne rutinar for tilsyn og kva ein skal sjå etter i friminutt. Lærlingane i barne- og ungdomsarbeidarfaget har fått same informasjon og rettleiing om rutinane som dei andre vaksne på skulen. I rutinane for inspeksjon i friminutt står det mellom anna at den vaksne skal vere aktiv og vere der barna er. Ei lærargruppe forklarar at det står i instruksen for friminutt korleis dei skal følgje med på korleis den enkelte elev har det. Framgangsmåten for å følgje med er at skulen har delt opp uteområdet, for å sikre at alle områda blir dekka og at ingen elevar kan snike seg vekk..

Det går fram av referat frå SFO-møte 15. september 2020 at tilsette må vere obs på elevane som er på eit av uteområda. Årsaka er at enkelte elevar har gitt uttrykk for at nokre elevar bestemmer litt for mykje. Elles er både lærarane og rektor i intervju inne på at dei følgjer med gjennom relasjonen til eleven. Dei viser òg til at dei kan følgje med i klassen eller på veg inn og ut av klasserommet.

Fylkesmannen spurte eit utval elevar om på kva måte dei tilsette følgjer med på korleis elevane har det. Elevane forklarte at dei tilsette følgjer litt med, men ikkje så mykje. Dei følgjer litt med på om nokon går åleine, og nokon gonger spør dei korleis elevane har det. Det kjem også fram døme på at lærarane ikkje fangar opp situasjonar der elevane baksnakkar kvarandre. Synlege ting kan bli oppdaga, men det er elevane sitt inntrykk at ei sak kan ha pågått ei stund før det vert oppdaga.

Om å følgje med på elevar med særskild sårbarheit

Vi undersøker om rektor følgjer opp at alle som jobbar på skulen følgjer spesielt godt med på elevar som kan være særskild sårbare.

Rektor skriv i eigenvurderinga at ho informerer om enkeltelevar på leiarmøte og på fellesmøte med lærarar og assistentar. Elles informerer lærarane på temamøta. På spørsmål om korleis ein kan fange opp ein elev som er særskild sårbar, forklarar ei lærargruppe at dei som er læraren til ein sårbar elev vil vite om at eleven er sårbar. Dei forklarer og at dei snakkar med kvarandre om kva ein skal vere obs på.

Rektor skriv i eigenvurderinga at det er dei som er tett på, og er i gruppene til elevane, som følgjer spesielt godt med på elevar med særskild sårbarheit. På spørsmål om korleis rektor følgjer opp at tilsette alltid følgjer med på elevar som kan vere særskilt sårbare, kjem det fram i intervju med lærarane eksempel på at dei er innom kontoret til rektor og snakkar med ho om enkelteleven. Rektor følgjer dette opp. I samband med tilbakemelding på førebels rapport gir rektor uttrykk for at ho er ofte ute eller i garderobane.

Om korleis skulen systematisk skaffar seg informasjon frå elevane om deira trivsel

Vi undersøker om rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon frå elevane om korleis dei har det på skulen. Det er tilstrekkeleg å hente inn informasjon frå eit utval av elevane.

I skulens plan er det sett opp kva som skal vere skulens kjelder for å følgje med på elevane sitt skulemiljø. Her er vaktordning, tema på trinnmøte, undersøkingar, elevrådsmøte og foreldremøte vist til som kartleggingsmåtar.

Rektor skriv i eigenvurderinga at dei følgjer med på korleis elevane har det gjennom Elevundersøkinga, elevsamtalet og utviklingssamtalet. Nokre gonger blir det følgt opp av ei eiga undersøking i ei gruppe eller eit trinn. Skulen har òg stafettlogg for nokre elevar. Ei lærargruppe forklarar at dei gjennomfører elevsamtale før utviklingssamtalet.

Vår vurdering

Kravet i regelverket er at rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at de følgjer særskild godt med på elevar med ei særskild sårbarheit. For at rektor skal kunne sikre dette, må rektor ha bestemt ei fast framgangsmåte for korleis skulen skal oppfylla kravet. Det er ikkje eit krav at framgangsmåten er skriftleg, men den må være egna til å sikre at kravet i lova blir oppfylt i alle saker på den aktuelle skulen. Rektor må i tillegg følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

For at alle som jobbar på skulen skal kunne følgje med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, må rektor ha gitt dei tilsette kompetanse til å kjenne at teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er lagt til rette for ei kollektiv kompetanseutvikling som er knytt opp mot å kjenne igjen teikn på at eleven ikkje har det trygt og godt. Både rektor og tilsette la i intervju vekt på at skulen sitt arbeid med klasseleiing. Fylkesmannen kan ikkje sjå at dette tiltaket sikrar dei tilsette kompetanse til å kjenne at teikn på at ein elev ikkje har det trygt og godt.

Rektor må videre følgje opp at alle som jobbar på skulen, i praksis er merksame på forhold eller oppførsel som kan tyde på at ein elev ikkje har det bra. Det er først og fremst instruksen for vakthald i friminutt som er rektors føring for å sikre at dei tilsette følgjer med på om eleven har eit trygt og godt skulemiljø. I instruksen står det at dei tilsette skal sjå alle barna og følgje med på om alle har nokon å vere med. I intervju kan rektor og tilsette gje døme på kvar dei følgjer med. Vi ser at rektor har gitt nokre føringar for korleis dei tilsette skal følgje med på elevane i friminutta, og då særleg om elevane har nokon å vere med. Men vi kan ikkje finne at det er klargjort kva dei skal følgje med på når det gjeld å sjå etter teikn på at eleven ikkje har det bra på skulen.

Rektor må og følgje opp at alle som jobbar på skulen følgjer særskild godt med på korleis elevar med ei særskild sårbarheit har det på skulen. For å kunne gjere det må ein vite kva som er kjenneteikn på sårbarheit. I intervju gir dei tilsette eksempel på ulike sårbarheitsfaktorar. Men både tilsette og rektor viser til bestemte elevar når det gjeld spørsmålet om dei er kjende med kva forhold rundt ein elev som kan gjere eleven særskilt sårbar. Fylkesmannen kan ikkje sjå at skulen har ei felles forståing av kva som kan gjere elevar særskild sårbare. Utan ei slik felles forståing, kan ikkje Fylkesmannen sjå at rektor kan følgje opp at alle som jobbar på skulen følgjer særskild godt med på korleis elevar med ei særskild sårbarheit har det på skulen.

Rektor må sikre at skulen hentar inn tilstrekkeleg informasjon frå elevane om korleis dei har det på skulen. Det er tilstrekkeleg å hente inn informasjon får eit utval av elevane. I skulens plan er det sett opp kva som skal vere skulens kjelder for å følgje med på elevane sitt skulemiljø. Skulen har bestemt at dei skal følgje med på korleis elevane generelt har det gjennom å bruke Elevundersøkinga, og elev- og utviklingssamtalar. Vi ser òg av skulens årsmelding at skulen har analysert og hatt oppfølging i klassane på bakgrunn av resultata.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at rektor har ein fast framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skulen følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø og at dei følgjer spesielt godt med på elevar som kan være særskild sårbare. Fylkesmannen konkluderer difor med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sørgjer rektor for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar som for eksempel utesenging, isolering, baksnakking, mobbing, vald, diskriminering og trakassering, dersom det er mogleg?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor sørgjer for at alle som jobbar på skulen, har kompetanse til å gripe inn mot krenkingar. Vi undersøker også om rektor har forsikra seg om at alle grip inn mot krenkingar, dersom det er mogleg i praksis.

På side 12 i skulens plan for arbeid med skulemiljø står det at alle som arbeider i skulen har plikt til å gripe inn. På side 17 går det fram at rektor er ansvarleg for at dei tilsette på skulen drøftar skulen sitt syn på terskelen for å gripe inn. På side 20 kan vi lese meir rettleiande om korleis dei tilsette kan forstå plikta til å gripe inn. Det går fram av planen kva som kan oppfattast som ei krenking. I rutinane for tilsyn står det ikkje omtalt at dei tilsette skal gripe inn mot krenkingar.

Rektor skriv i eigenvurderinga at alle skal vere kjende med korleis dei skal gripe inn, jf. skulens plan for eit trygt og god skulemiljø og rutinane for tilsyn. Rektor skriv videre at det blir informert og drøfta på fellesmøte med tilsette. I intervju seier rektor at dersom nokon oppfattar at elever er krenkt, skal dei gripe inn med ein gong. Ho fortel at ho følgjer opp dette ved å spørje korleis det går og viser til at ho har inspeksjon i friminutt.

På spørsmål om det er ei felles forståing blant dei tilsette for når dei skal gripe inn, viser rektor til eit registreringsskjema som ligg på personalrommet. Ho seier og at dei har snakka om kva det skal gripast inn mot. Skjemaet skal nyttast til å dokumentere at dei grip inn. Ei lærargruppe forklarar at dei har eit registreringsskjema på pauserommet, men dei nyttar ofte ei bok som ligg der. I boka noterer dei ned episodar frå friminutt, av ein viss alvorsgrad.

På spørsmål om når dei tilsette grip inn, forklarar ei lærargruppe at dei grip inn med ein gong dei kjenner det på kroppen. Når vi spør på kva måte rektor følgjer med på at dei grip inn, forklarar dei at dersom dei har mistanke, går dei til rektor og så blir dei samde om kva dei skal gjere. Dersom dei vert samde om noko, følgjer rektor opp, forklarar dei.

Elevane forklarar i intervju at dei vaksne oppfattar situasjonar ulikt, der nokre grip inn og andre ikkje gjer det. Dei vaksne ser ikkje alt og grip inn ulikt, forklarar dei.

Vår vurdering

Kravet er at rektor sørger for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar, dersom det er mogleg. Her er det ikkje krav om at rektor har bestemt ein fast framgangsmåte, men jobbar systematisk for å oppfylle plikta.

Skulens plan klargjer at dei tilsette skal gripe inn mot krenkingar, og kva som kan oppfattast som ei krenking. Fylkesmannen finn det sannsynleg at alle tilsette veit at dei skal gripe inn. Vi finn det også sannsynleg at dei faktisk grip inn når dei oppdagar krenkande åtferd. Men for å kunne gripe inn må det dei tilsette ha kompetanse til å kunne oppdage ei krenking og kompetanse til å vite korleis og når ein bør gripe inn. Ut i frå dokumentasjonen og intervjuja kan vi ikkje sjå at rektor har sørga for at skulen har jobba med å få ei forståing av denne plikta. Intervju med tilsette viser at dei legg til grunn ein individuell terskel for å gripe inn. Dette vert òg stadfestet i intervju med elevane. Vi kan heller ikkje sjå at rektor sørger for at lærarane faktisk grip inn mot krenkingar. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor, dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Vi undersøker også om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

På side 21 i handlingsplanen står det at all mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt skal varslast til rektor. Det står også i handlingsplanen at alle på skulen har plikt til å handle og at dei

skal bruke meldeskjema og varsle rektor same dag, dersom dei får kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Skulen har sendt inn meldeskjema / registreringsskjema med døme på sak der det er varsla.

Rektor skriv i eigenvurderinga i RefLex at lærarane skal varsle i tråd med skulens rutinar. I intervju sa rektor at nokon kjem rett inn i frå friminutt og at ho av og til får mail på kvelden. Vi stilte vidare spørsmål om det er avklart kva det skal varslast om. På det svara rektor at dei må vurdere situasjonen.

Lærarane på 1.-4. trinn seier i intervju at dei varslar med ein gong dei har moglegheit, og at dei gjer dette munnleg. Dersom rektor ikkje er til stades, sender dei e-post. Lærarane seier dette er praksis. Dei veit ikkje om det er skrive ned. I intervju kjem det også fram at lærarane varslar kvarandre. Ei av dei fortel at dersom ho er usikker, går ho til rektor. Lærarane seier også at det er låg terskel for å varsle. Også lærarane i 5.-7. trinn stadfestar at informasjon til rektor eller teamleiar ofte skjer munnleg.

Vår vurdering

Kravet er at rektor må ha ein bestemt framgangsmåte som sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skulemiljø. Rektor må og følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Det går klart fram av handlingsplanen at ved all mistanke om at eleven ikkje har eit trygt og godt skulemiljø skal meldeskjema nyttast og rektor skal ha dette same dag. Det går fram når det skal varslast, og korleis dette skal gjerast. I intervju med rektor kjem det fram at lærarane eller assistenter varslar munnleg, dersom dei ikkje skriv det ned. Lærarane seier også at dei sender e-post og at dei følgjer opp når dei har moglegheit.

Vi finn at skulen har fleire framgangsmåtar for å varsle. Framgangsmåten som er skildra i handlingsplanen vert ikkje følt opp i praksis. Sjølv om skulen har ein framgangsmåte for varsling, vert den ikkje nytta av alle. Sjølv om rektor seier at det blir varsla på ulike måtar, kan vi ikkje sjå at ho har følt opp at alle nytta framgangsmåten som er skissert i handlingsplanen i praksis. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skolen, varslar rektor så raskt som saka tilseier?

Vår observasjon

Vi undersøker om skulens framgangsmåte for varsling bestemmer kva for saker dei tilsette skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle om andre saker. Vi undersøker også om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen varslar så raskt som saka tilseier i praksis.

Rektor skriv i eigenvurderinga i RefLex at aktivitetsplikta er tydeleg på at dei tilsette skal varsle same dag. Rektor skriv videre at ho har sagt til dei tilsette at dei skal varsle same dag, dersom dei har mistanke om at ein elev ikkje har det bra.

Det går fram av handlingsplanen side 21 at alle som arbeider på skulen har ei plikt til å handle og varsle rektor same dag, dersom dei får mistanke eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt. Det går ikkje fram av handlingsplanen i kva saker det skal varslast raskt.

Lærarane på 1. til 4. trinn seier at dei varslar munnleg med ein gong dei har moglegheit, og sender e-post, dersom rektor ikkje er til stades. Lærarane seier at dersom det er alvorlege hendingar som må handterast med ein gong, som til dømes mobbing og vald, skal dette varslast om straks. Dersom dei har mistanke over tid, går det an å vente til ein har moglegheit for å ta det.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har ein bestemt framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skulen varslar rektor så raskt som saka tilseier. Skulens framgangsmåte for varsling må bestemme kva for saker dei som jobbar på skulen skal varsle om straks, og kor raskt dei skal varsle om andre saker til rektor. Rektor må følgje opp at alle som jobbar i skulen følgjer framgangsmåten i praksis.

Det går ikkje fram av skulens plan kva saker det skal varslast om raskt, og kva saker det kan ventast med å varsle om. Vi kan ikkje sjå at skulen har bestemt ein framgangsmåte for dette. Lærarane skil melom hendingar som må varslast om med ein gong og hendingar ein kan vente med å varsle om. Det gjer at det blir opp til kvar tilsett å vurdere når det skal varslast og kva for hendingar deli tilsette kan rydde opp i sjølv og kva som skal varslast til rektor. Når rektor ikkje har ein framgangsmåte som bestemmer kva saker det skal varslast raskt om, kan rektor heller ikkje følgje opp at framgangsmåten vert nytta i praksis. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Varslar rektor skoleeigaren om alvorlege tilfelle?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor varslar skoleeigaren om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen over tid ikkje har klart å løyse ein sak.

I intervju seier rektor at ho varslar skoleeigar dersom det er ei alvorleg sak. Ho seier videre at det er viktig å varsle i tilfelle der konfliktnivået er høgt. Ho har berre varsla skoleeigar ein gong. På spørsmål om kva som skal til for å varsle til skoleeigar, svarar rektor at det er viss det er ein fastlåst situasjon eller dersom ho hadde trengt hjelp.

Det går fram av handlingsplanen side 21 at rektor har ansvar for å varsle skoleeigar i alvorlege tilfelle. Det går vidare fram at kva som er eit alvorleg tilfelle må vurderast i kvart enkelt tilfelle. Handlingsplanen slår fast at grov digital mobbing eller truslar via sosiale medium skal varslast til skoleeigar. I tilfelle der vaksne krenkjer elevar, skal rektor straks varsle skoleeigar.

Vår vurdering

Kravet er at rektor varslar skoleeigar om alvorlege tilfelle, inkludert tilfelle der skulen over noko tid ikkje har klart å løyse ei sak.

Vi finn eitt døme på at rektor har varsla skuleeigar. Nokre av aktivitetsplanane vi har fått tilsendt er saker som har vart over tid og som ikkje er løyste, utan at det er varsla om desse sakene til skuleeigar. Det går fram av skulens plan at rektor skal varsle skuleeigar i alvorlege tilfelle. Kva som er eit alvorleg tilfelle er ei skjønnsmessig vurdering. Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at rektor varslar skuleeigar i alvorlege tilfelle.

Fylkesmannen konkluderer med at kravet i regelverket er oppfylt.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har eit trygt og godt skolemiljø?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker sakene tilstrekkeleg grundig. Vi undersøker også om rektor følgjer opp at dei som jobbar på skulen brukar framgangsmåten i praksis.

I handlingsplanen vert det skissert korleis det skal undersøkast i saker. Mellom anna skal det nyttast samtale til å høyre eleven i saka, og utifrå innhaldet i samtalane skal det settast i gong observasjon. Det går fram at undersøkinga skal ha som føremål å få fram fakta om situasjonen, bakgrunnen for elevens oppleving og kva tilhøve i elevens omgjevnader som påverkar korleis dei opplever skolemiljøet.

I eigenvurderinga i RefLex skriv rektor at ho alltid undersøker saker, og viser mellom anna til at dei tek utgangspunkt i elevens subjektive oppleving. På spørsmål i intervju om skulen har ein måte for å undersøke, svarar rektor at det kjem an på saka. I intervju gav rektor døme på korleis ho ville ha undersøkt ei sak. Dette ville ho til dømes ha gjort med å snakka med foreldra for å få meir utfyllande informasjon. Ho ville også ha snakka med andre involverte elevar.

Vi stilte spørsmål til lærargruppa om kva som er skulens framgangsmåte for å undersøke saker. Dei svarar at dei skal høyre barnet sin versjon og barnet sine kjensler. Lærarane seier også at dei andre partane i saka skal også bli høyrde. Når dei har undersøkt saka, varslar dei foreldra og foreldra blir informert om kva som skjer vidare i saka.

På spørsmål om kva som er skulens framgangsmåte for å undersøke saker tilstrekkeleg grundig, svarar dei at dei snakkar med eleven og andre elevar for å finne fram til kva som har skjedd. Vi stilte også spørsmål om det er bestemte rammer for å involvere elevane ved ei undersøking. På dette svara lærarane at det er standard å informere elevane. Det er ofte kontaktlærar som innhentar informasjonen. Dei fortel også at lærarane ikkje skriv dette åleine, dei gjer det anten med avdelingsleiar eller rektor.

Det går ikkje fram av aktivitetsplanane korleis sakene er undersøkte før dei set inn tiltak. I ein av planane går det fram at dei har gjort ei klassemiljøundersøking. I innsendt dokumentasjon finn vi døme på ei dokumentert hending frå vikar datert 26. januar 2019, og ein e-post til rektor datert 27. august 2020 der det blir varsla om ei hending. Vi kan ikkje sjå at det har vorte undersøkt utover at det har vorte gjennomført samtalar med elevane.

Vår vurdering

Vi må undersøke om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. Rektor må følgje opp at skulen undersøker alle saker i tråd med denne framgangsmåten i praksis. Ein del av undersøkningsplikta inneber òg å analysere og ta stilling til kva funn undersøkingane har avdekkta.

Sjølv om handlingsplanen peikar på fleire framgangsmåtar for å undersøke saker, kan vi ikkje sjå at skulen nyttar andre undersøkingar enn samtalar, og at dei tilsette er opptekne av at eleven skal vere trygg i relasjonen til den vaksne. Samtale med elevane vil kunne vere eigna til å klarleggje elevane si subjektive oppleving. Slike samtalar vil derimot ikkje alltid vere tilstrekkelege til å klarleggje fakta om situasjonen og få fram faktorar i skule- og klassemiljøet som bidreg til at eleven ikkje opplever å ha det trygt og godt.

Innleverte saker viser at skulen set i gang undersøkingar ved varsel, men at undersøkingane ikkje alltid er tilstrekkeleg nok. Nokre av tiltaka er observasjon og undersøking, noko som peikar på at undersøkingane ikkje er tilstrekkeleg grundige. Det er vanskeleg å skilje mellom tiltak som er iverksett på bakgrunn av undersøkingar, og om nokre av tiltaka i realiteten er undersøkingar som skal ligge til grunn for seinare tiltak. Dette gjer til at det blir uklart om skulen har gjennomført tilstrekkeleg grundige undersøkingar før dei har sett i verk tiltak.

Skulen må gjere dei undersøkingane som med rimelegheit kan ventast. De må innhente nok informasjon til å avdekke kva som har skjedd. På bakgrunn av at skulen ikkje har føringar for korleis ein skal undersøke saker tilstrekkeleg grundig, og at aktivitetsplanane viser at skulen ikkje alltid undersøker sakene tilstrekkeleg grundig, kan vi ikkje sjå at rektor har sytt for at skulens framgangsmåte sikrar at det vert undersøkt tilstrekkeleg grundig i alle saker. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka snarast?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har ein bestemt framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker saka snarast.

På side 23 i handlingsplanen går det fram at skulen alltid skal undersøke saka snarast. På side 31 er det skissert ein framgangsmåte for korleis skulen arbeider med skolemiljøsaker. Det går fram her at sidan tiltaksmøte skal haldast innan ei veke, legg dette føringar for at undersøkingane må gjerast snarast.

På spørsmål om når undersøkingane startar, svarar rektor at dette er med ein gong. I eigenvurderinga skriv rektor at dersom ho får melding om ettermiddagen eller kvelden, startar rektor undersøkingar dagen etter. Dersom rektor ikkje er til stades, tek rektor kontakt med den aktuelle avdelingsleiaren for å informere om at saka må undersøkast. Vidare skriv rektor at dersom meldinga kjem tidlegare på dag, startar ho straks undersøkingar ved å ta kontakt med kontaktlærar / avdelingsleiari i den aktuelle saka.

Vår vurdering

Kravet er at rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at de undersøker saka snarast. Rektor må også følgje opp at dei som jobbar på skulen, nyttar framgangsmåten i praksis, med mindre rektor sjølv undersøker sakane.

Det går fram at rektor startar undersøkingar same dag eller dagen etter ho får melding om saken. Det går og fram av handlingsplanen at det skal undersøkast snarast, dersom ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen.

Det at rektor sjølv undersøker saka, gjer at kravet til framgangsmåte for å sikre at saka blir undersøkt snarast avtek. Fylkesmannen finn det sannsynleg at skulen undersøker saka raskt i saker som rektor oppfattar som ei melding om at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at dei elevane det gjeld får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at eleven som tiltaka retter seg mot, får uttale seg om innhaldet i aktivitetsplanen. Dersom eit eller fleire tiltak påverkar andre elevar, har også desse rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei.

Rektor skriv i eigenvurderinga at eleven i ei sak blir spurd og får uttale seg, men at det ikkje er alltid eleven ønskjer å uttale seg. Då kan det vere at kontaktlærar og/eller rektor baserer innhaldet i ein aktivitetsplan på dialog med føresette. Fylkesmannen kan ikkje sjå at det står noko om dette i handlingsplanen.

I eigenvurderinga svarer nokre av lærarane nei på spørsmålet om elevane alltid får uttale seg om kva som skal vere innhaldet i aktivitetsplanen. Lærarane skriv at dei involverte partane i hovudsak har vore dei minste på småtrinnet, og derfor ikkje har kunne kome med fornuftige forslag.

Det er vanskeleg å sjå ut ifrå aktivitetsplanane om elevane får uttale seg om kva som er innhaldet, men det kjem fram at aktivitetsplan vert utarbeida saman med elevar og/eller føresette. Elevane får nokre gongar uttale seg, men vi kan ikkje sjå eit klart mønster ut ifrå aktivitetsplanane.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at eleven som tiltaka skal rette seg mot, får uttale seg om kva som skal vera innhaldet i aktivitetsplanen. Dersom eit eller fleire tiltak direkte påverkar andre elevar, så har også desse elevane rett til å uttale seg om korleis tiltaket påverkar dei. Rektor må og følgje opp at dei som jobbar på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

Det går ikkje fram av handlingsplanen på kva måte elevane skal få uttale seg om tiltaka, utover at dei snakkar med dei elevane det gjeld og eventuelle involverte partar i saka. Vi kan heller ikkje sjå utifrå aktivitetsplanane at det er eit fast mønster på at elevane får uttale seg om tiltak.

Elevar skal også få nødvendig informasjon for å kunne ta stilling til om dei vil uttale seg. I eigenvurderinga i RefLex kjem det fram at dei minste på småtrinnet ikkje alltid kan komme med fornuftige forslag. Det går ikkje klart fram for oss her om skulen høyrer elevane på ein slik måte som lova krev.

Vi kan ikkje sjå at rektor har ein bestemt framgangsmåte for korleis elevane skal få uttale seg. Ettersom rektor ikkje har ein bestemt framgangsmåte, kan ho heller ikkje sikre at dei tilsette følgjer opp denne framgangsmåten. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen set inn eigna tiltak dersom ein elevs rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen set inn eigna tiltak i alle saker. Vi undersøker og om rektor følgjer opp at dei tilsette på skulen, brukar framgangsmåten i praksis.

På side 26 i skulen sin handlingsplan står det at skulen skal setje inn tiltak som er eigna til å løyse elevens problem og sikre at eleven får eit trygt og godt skulemiljø. Det er også vist til ein framgangsmåte som kan bidra til å sikre at dei riktige tiltaka blir sett inn (s. 30 – 31). Til dømes går det fram her at det skal gjennomførast tiltaksmøte innan 1 veke.

I eigenvurderinga i ReFlex viser rektor til observasjon i friminutt, samtale med elevar og aktivitetsplanane på spørsmål om skulen set inn eigna tiltak.

Skulen har sendt inn fem aktivitetsplanar i samband med tilsynet. Fire av aktivitetsplanane følgjer same mal. Rektor fortel i intervju at desse planane er i tråd med den malen som skulen nyttar. Desse aktivitetsplanane har med punkt som målsetjing med planen, tiltak med grunngjeving, kven som er ansvarleg, kor lenge tiltaka skal vare (tidsperspektiv) og evaluering.

Nokre av problemkildringane er formulert slik: «skal ha det godt på skulen og ha nokon å vere med i friminutta» eller «eleven skal ikkje vere engsteleg for å gå på skulen, men ha eit trygt og godt skulemiljø der ho kan vere saman med fleire vener». I tillegg står det i nokre av dei kva som har skjedd, hendinga og bakgrunnen for opplevinga.

Tiltaka i aktivitetsplanane varierer. Nokre er konkrete, medan andre er undersøkingar. Vi finn også tiltak som handlar om å gi informasjon til dei tilsette om å fylgje med, eventuelt gripe inn og skrive ned observasjonar i friminutt.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen set inn eigna tiltak i alle saker. Rektor må og følgje opp at dei som jobbar på skulen, bruker framgangsmåten i praksis, med mindre rektor set inn tiltak sjølv.

Vi ser av handlingsplanen at skulen skal setje inn tiltak der ein elev ikkje har det trygt og godt, og at dei har aktivitetsplanar som inneheld punkta i lovkravet.

Tiltaka skal vere tilpassa saka i type og omfang, og vere basert på elevens heilskaplege behov og elevens beste. Tiltaka skal veljast ut ifrå faglege vurderingar av kva som er eigna tiltak. Dei må vere kunnskapsbaserte og byggje på tilstrekkeleg kompetanse om skulemiljø og arbeid mot mobbing og andre krenkingar.

Fylkesmannen har tidlegare i rapporten vurdert at rektor ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker tilstrekkeleg grundig. God kvalitet på undersøkingar og analyser er ein føresetnad for å vurdere kva som er eigna tiltak i ei sak. Ei god skildring av problema svarar på kvifor eleven ikkje har det trygt og godt på skulen og identifiserer kva som er dei oppretthaldande faktorane i miljøet rundt eleven. Utan ein konkret omtale av kva som er problema, er det vanskeleg å lage målretta tiltak og å evaluere om tiltaka har hatt effekt.

I aktivitetsplanane er samtale og observasjon nytta som tiltak. Dersom skulen vil gjennomføre samtalar som tiltak, må det komme klart fram korleis dette skal bidra til å avhjelpe problemet eleven opplever og sikre at eleven skal få eit trygt og godt skulemiljø. Det kjem ikkje for alle elevane fram i dei innsendte planane nokon nærmare skildring av kva desse samtalene skal dreie seg om, eller kva føremålet med samtalene skal vere. Observasjon vil i dei fleste tilfelle vere ein del av undersøkinga, og vil sjeldan vere eit eigna tiltak. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

3 Plikta til straks å varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen, krenkjer ein eller fleire elevar

3.1 Rettslege krav

Reglane om den skjerpa aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4 og 9 A-5.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å straks varsle, undersøke og sette inn tiltak dersom ein som jobbar på skulen krenkjer ein eller fleire elevar, blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å straks varsle rektor og skuleeigar

Alle som jobbar på skulen skal varsle rektor straks dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen krenkjer ein eller fleire elevar. Rektor skal varsle skuleeigaren straks. Dersom det er ein tilsett i skuleleiinga som krenkjer elevar, skal skuleeigaren få varsel i staden for rektor. De skal dokumentere korleis de varslar.

Kva som er å krenkle, skal de tolke vidt. Det kan vere direkte krenkingar, men også meir indirekte krenkingar som utesenging, isolering og baksnakking. Korleis elevane opplevde krenkinga, har ikkje noko å seie for plikta til å varsle. Det er tilstrekkeleg med mistanke for at plikta til å varsle gjeld. Å ha ein mistanke vil seie å ha ei kjensle av eller tanke om at ein som jobbar på skulen, krenker ein eller fleire elevar.

De skal gi elevane som har vorte krenkte, beskjed om at de kjem til å varsle rektor eller skuleeigaren om saka, med mindre dette hindrar at de kan varsle raskt nok.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal varsle, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å undersøke saka straks

De må undersøke kva som har skjedd. De skal dokumentere korleis de undersøker saka.

Dersom undersøkinga viser at ein som jobbar på skulen, har krenkt elevar, må de undersøke korleis elevane opplevde dette. Dersom det er elevar som ikkje har eit trygt og godt skolemiljø som følgje av krenkingane, må de vurdere kva for tiltak de skal setje inn.

Ein elev som krenkinga direkte rettar seg mot, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette og ufarleggjere samtalens. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner. Dersom krenkinga rettar seg mot ei større gruppe elevar, for eksempel ein klasse, kan det vere tilstrekkeleg å snakke med klassen samla eller med ein del av elevane.

Rektor skal sikre at alle som jobbar på skulen veit at de skal undersøke, og følgje opp at det blir gjort.

Plikta til å straks setje inn eigna tiltak

Dersom ein eller fleire elevar opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø som følgje av krenkinga, gjeld skulen si aktivitetsplikt. De skal så langt det finst eigna tiltak, sørge for at eleven får eit trygt og godt skolemiljø.

3.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elevar, eller at dei varslar direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at dei som jobbar på skulen, varslar rektor eller eventuelt skuleeigar.

I handlingsplanen er det referert til § 9 A-5. Det kjem og fram at rektor straks skal varsle skuleeigar, i tilfelle tilsette krenker elevar. Vi finn ingen rutinar utover dette.

Rektor skriv i eigenvurderinga at ho gjer det kjent for dei tilsette når ho går gjennom "Plan for trygt og godt skolemiljø". Ho viser videre til at dei skal varsle til ho på same måte som

varslingsplikta under deltema 1. Ho skriv vidare at ho i hennar tid som rektor ikkje har opplevd å få slik varsling. I intervju fortel rektor at plikta til å varsle er noko dei har snakka om. Men ho seier og at dei kan bli betre på å formulere ein klar framgangsmåte for dette.

På spørsmål om dei har klargjort kva som er terskelen for å varsle ved mistanke, seier rektor at viss lærarane oppfattar at det ikkje er greitt, skal dei varsle. På spørsmål om dette står ein plass, viser rektor til at ho tenkjer ho får ein framgangsmåte med relasjonsarbeid og den relasjonelle vaksne. Rektor seier vidare at det er vanskeleg å uttrykke mistanke, og kanskje det er behov for å ha tydelege framgangsmåtar.

På spørsmål om dei har diskutert kva krenking kan forståast som, svarar rektor ja, og at det er litt som kommentrarar, måtar å ordlegge seg på som barn ikkje kan forstå. Rektor snakkar vidare om dette med styrkeforhold og korleis ein snakkar med elevar og ordlegg seg. Ho seier dei jobbar med relasjonar og at det alltid er den vaksne som er ansvarleg for relasjonen.

Lærarar på 5.-7. trinn seier i intervju at dei kan varsle til kommunalsjefen direkte, dersom det gjeld ein tilsett. Dei seier òg at dei kan gå direkte til kommunalsjefen om det gjeld leiinga. Når vi stiller spørsmål om framgangsmåte for varsling til lærarane på 5.-7. trinn, svarar dei at dei er usikre, og at dei aldri hadde hatt slike saker.

Vår vurdering

Kravet er at rektor må ha ein bestemd framgangsmåte som sikrar at dei som jobbar på skulen, varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren i slike saker.

Det går ikkje fram av rutinane korleis det skal varslast. Rektor viser til skjema for dokumentasjon av aktivitetsplikta til skulane etter § 9 A. I dette skjema står det ikkje noko om korleis det skal varslast etter § 9 A-5. Rektor viser også til framgangsmåten for varsling under deltema 1. Rektor fortel der at dei arbeider med relasjonen mellom lærar og elev, og at dette gir ein framgangsmåte for varsling. Vi kan ikkje sjå utifrå dokumentasjonen at skulen har avklart terskelen for å varsle rektor i saker som handlar om § 9 A-5. Dette fører då til at det kan bli tilfeldig kva saker som blir fanga opp og kor raskt det blir varsla. Den skjerpa aktivitetsplikta der ein som arbeider på skulen krenker elevar, handlar om kven dei tilsette skal varsle, kor raskt dei skal varsle og kor raskt saka skal undersøkast.

Slik Fylkesmannen ser det, blir det opp til kvar enkelt lærar å trekke denne terskelen. Vi kan då ikkje sjå at rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elevar, eller at de varslar direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Sikrar rektor at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigar straks?

Vår observasjon

Vi undersøker om framgangsmåten for varsling sikrar at alle som jobbar på skulen, varsler rektor eller eventuelt skuleeigaren straks. Vi undersøker også om rektor har en framgangsmåte som sikrar at elevar som har vorte krenkt, får beskjed om at rektor eller skuleeigar blir varsle om saka.

I skulen sin handlingsplan går det fram at rektor straks skal varsle skuleeigar i tilfelle der vaksne krenkjer elevar. Rektor fortel i intervju at dei har snakka om det å varsle skuleeigar direkte. I eigenverderinga i RefLex viser rektor til at det skal varslast i tråd med rutinane i «Plan for trygt og godt skolemiljø». På spørsmål i eigenverderinga om elever som har blitt krenkt alltid får beskjed om at rektor vil bli varsle om saka, skriv rektor: «I hht våre rutinar vil elevar få beskjed om dersom eg blir varsle om at elevar har blitt krenka».

I intervju med lærarar i 5.-7. trinn fortel dei at dei ikkje har snakka om kor raskt dei skal varsle. På spørsmål til lærarane om dei har ein rutine på å gje melding til elevar, svarar dei at det så vidt dei veit ikkje er slik rutine. Vidare seier dei at dei ville ha snakka med eleven og sagt at dei ville ha gått vidare med det.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har ein bestemd framgangsmåte for å sikre at alle som jobbar på skulen, varsler rektor eller eventuelt skuleeigaren straks. Dei som jobbar på skulen, skal gi elevane som har vorte krenkt, beskjed om at dei kjem til å varsle rektor eller eventuelt skuleeigaren om saka, med mindre dette hindrar at dei kan varsle raskt nok. Skulens framgangsmåte må sikre dette.

Fylkesmannen finn at dei tilsette veit at dei skal varsle straks. Vi har tidlegare konkludert med at det ikkje ligg føre ein framgangsmåte for å sikre at dei som jobbar på skulen varsler rektor eller skuleeigar i tilfelle der ein som jobbar på skulen har krenka ein elev. Når det ikkje ligg føre ein slik framgangsmåte, kan heller ikkje rektor sikre at alle som jobbar på skulen varsler rektor eller eventuelt skuleeigar straks.

Fylkesmannen finn det sannsynleg at elevane får beskjed før ein varsler rektor eller skuleeigar. Men sjølv om rektor legg til grunn at det ligg føre ein rutine for å sikre dette, svarar lærarane at dei ikkje kjenner til ei slik rutine.

På bakgrunn av dette finn vi at rektor ikkje sikrar at alle som jobbar på skulen varsler rektor eller eventuelt skuleeigaren straks. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Varslar rektor skuleeigar straks dersom det er mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elevar?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor varsler skuleeigaren straks i tilfelle kor det er mistanke om eller kjennskap til at ein tilsett på skulen har krenka ein eller fleire elevar.

Det går fram av handlingsplanen side 21 at skuleeigar skal varslast straks i alvorlege tilfelle ved mistanke om at ein elev ikkje har det trygt og godt, og at: «I tilfelle der vaksne krenker elevar, skal rektor straks varsle skuleeigar».

Rektor skriv i eigenvurderinga at dersom det skjer vil ho varsle skuleeigar straks, og at dette følgjer av varslingsplikta side 21 i handlingsplanen.

Vår vurdering

Rektor må varsle skuleeigar straks i tilfelle der ein har mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenka ein eller fleire elevar. Det går fram av handlingsplanen at dersom ein tilsett ved skulen får mistanke om eller kjennskap til at ein annan som arbeider ved skulen utset ein elev for krenking av noko slag, straks skal varsle rektor og at rektor skal varsle skuleeigar. I eigenvurderinga viser rektor til rutinen, og at ho varslar straks. Fylkesmannen finn det sannsynleggjort at rektor varslar skuleeigaren straks. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skolen, har krenkt ein eller fleire elevar?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker, og at det blir gjort tilstrekkeleg grundig. Vi undersøker og om rektor følgjer opp at dei tilsette på skulen, undersøker sakene i samsvar med framgangsmåten.

På spørsmål om dei har ein framgangsmåte for å undersøke ei slik sak, svarar rektor i eigenvurderinga i RefLex at dei kjem til å gjere det ved mistanke. Ho skriv og at elevar vil bli høyrte om ei slik sak skulle oppstå. Rektor gjer det videre klart at skulen ville ha undersøkt ei 9A-5-sak like grundig som ei 9A-4 sak, dersom ei slik sak skulle dukke opp.

På spørsmål om dei har ein framgangsmåte for å undersøke ei slik sak, svarar lærarane at dei ikkje har snakka om det og at det ikkje føreligg ein framgangsmåte for det. På spørsmål om i kva grad rektor sørgjer føre å høre elevar ved mistanke om at ein som jobbar på skulen har krenka elevar, svarar dei at dette er vanskeleg å seie noko om.

Vår vurdering

Kravet er at rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker alle saker, og at det blir gjort tilstrekkeleg grundig. Skulens framgangsmåte må sikre at involverte elevar blir høyrde når de undersøker saker, og rektor må følgje opp at dei som jobbar på skulen, hører involverte elevar i undersøkingane.

På bakgrunn av den innsende dokumentasjonen og intervju kan vi ikkje sjå at rektor har ein framgangsmåte som tek oppi seg dette, og sikrar at saker vert undersøkt tilstrekkeleg. Rektor viser til at ho vil undersøke saker etter §9A-5 på same måte som ho undersøker saker etter § 9 A-4 . Vi har tidlegare vist at skulen ikkje har framgangsmåte som sikrar at sakene blir undersøkt tilstrekkeleg grundig etter § 9 A-4, og kan difor heller ikkje sjå at dei har det etter § 9 A-5. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

Sikrar rektor at skulen undersøker saka straks?

Vår observasjon

Vi undersøker om framgangsmåten sikrar at skulen undersøker slike saker straks. Vi undersøker også om rektor følgjer opp at dei tilsette på skulen bruker framgangsmåten i praksis.

På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om skulen ville ha undersøkt ei slik sak straks, svarar rektor at ho vil gjere det, dersom ho får eit slikt varsel. I handlingsplanen står det at saka skal undersøkast snarast råd, dersom ein elev seier at det ikkje vert opplevd som trygt og godt på skulen. Det går ikkje fram av planen kor raskt det skal undersøkast dersom det er ein tilsett ved skulen krenkjer ein elev.

Vår vurdering

Kravet er at rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen undersøker slike saker straks. Rektor må også følgje opp at de som jobbar på skulen brukar framgangsmåten i praksis. De må også dokumentere kva de gjer for å undersøke saker. De skal dokumentere kva de har gjort i kvar enkelt sak, og det er ikkje tilstrekkeleg å vise til rutinar eller planar for korleis de skal oppfylle aktivitetsplikta.

Vi kan ikkje sjå at d

et i handlingsplanen er gitt føringar for kor raskt det skal undersøkast i saker som gjeld ei §9 A-5 sak. Fylkesmannen finn at skulen ikkje har ein framgangsmåte for å undersøke saka snarast når ein som jobbar ved skulen, eller ein elev seier frå om at skulemiljøet ikkje er trygt og godt. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt.

4 Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak

4.1 Rettslege krav

Aktivitetsplikta står i opplæringslova § 9 A-4.

Rektor har ansvar for at skulen jobbar kontinuerleg og systematisk for å fremje helsa, miljøet og tryggleiken til elevane, slik at plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak blir oppfylt, jf. opplæringslova § 9 A-3.

Plikta til å utarbeide ein skriftleg plan

De skal lage ein skriftleg plan som skal beskrive kva for ein elev planen gjeld, kva for problem tiltaka skal løyse, kva for tiltak de har planlagt, når de skal gjennomføre tiltaka, kven som er ansvarleg for gjennomføringa av tiltaka, og når de skal evaluere tiltaka.

Eleven og foreldra til eleven som saka gjeld, har rett til å få dei delane av aktivitetsplanen som omhandlar eleven. Dersom eleven er over 18 år, har ikkje foreldre rett til å få planen.

Plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltaka

De må gjennomføre alle tiltaka som følgjer av planen. Vidare må de dokumentere at de gjennomfører tiltak i tråd med planen.

For å kunne evaluere tiltaka, må de skaffe dykk tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka. Eleven som tiltaka gjeld, har rett til å uttale seg. De skal leggje til rette og ufarleggjere samtalen. Eleven kan ha med seg foreldra eller andre som støtte, eller få dei til å uttale seg på sine vegner.

De må vurdere korleis tiltaka har verka. De må endre tiltaka eller setje inn nye tiltak, dersom eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skulemiljø. Evalueringa kan også føre til at de forlengjer tiltak som verkar. De skal fortsetje med å setje inn tiltak, så lenge eleven ikkje opplever at skulemiljøet er trygt og godt, og det finst eigna tiltak som skulen kan setje inn.

De skal informere elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta, jf. forvaltningslova § 11 og opplæringslova § 9 A-9 første ledd.

4.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Lagar skulen ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak?

Vår observasjon

Vi undersøker om skulen lager ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tilta i ein sak.

Rektor viser til innsende aktivitetsplanar og plan for trygt og godt skulemiljø i eigenvurderinga. Ho skriv at det er ho som rektor som alltid er hovudansvarleg for aktivitetsplanane saman med kontaktlærar mfl. Det går fram av handlingsplanen s. 13 at skulen skal lage ein skriftleg plan når det skal setjast inn tiltak i ei sak, og kva denne planen skal innehalde.

Skulen har sendt inn fem aktivitetsplanar. I dei innsende aktivitetsplanane finn vi kolonnar der det skal fyllast inn tiltak, kven som er ansvarleg, tidsperspektiv på tiltaket og når det skal evaluerast. I nokre av aktivitetsplanane blir formuleringa «Målsetting for planen» brukt for å skildre kva effekt ein søker å oppnå ved tiltaka som er sett i verk. I andre aktivitetsplanar brukast formuleringa «Kva for problem skal tiltaka løyse» eller «Eleven har ikkje et trygt og godt skulemiljø – beskriv problem og bakgrunnsinformasjon».

Vi finn døme i aktivitetsplanane at nokre av tiltaka som er sette i verk er undersøkingar.

Vår vurdering

For å kunne utforme skildringar av kva problem eit tiltak er meint å løyse, er det ein føresetnad at skulen har gjennomført grundige undersøkingar med føremål å få fram fakta om ein situasjon, bakgrunnen for elevens oppleveling og kva forhold i elevens omgivnader som påverkar korleis eleven har det på skulen. Dersom undersøkingane ikkje har hatt dette som føremål, vil det vere vanskeleg å gje ei god skildring av kva problem tiltaket skal løyse.

Vi har sett at skulen ikkje har ein framgangsmåte som sikrar at dei undersøker saker tilstrekkeleg grundig. At undersøkingane ikkje er gode nok, blir mellom anna vist i skulens skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i aktivitetsplanen og at undersøking er sett inn som eit tiltak. Nokre av problemeskildringane er for lite konkrete til at det kan lagast tiltak som skal løysa eit problem. Ettersom skulens skildringar av kva problem tiltaka skal løyse i fleire tilfelle er for lite konkrete, at fleire av tiltaka i realiteten er undersøkingar, finn vi at skulen ikkje lagar ein skriftleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal sette inn tiltak i ei sak. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Får eleven og foreldra som saka gjeld aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om den?

Vår observasjon

Vi undersøker om eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skulen.

I eigenvurderinga skriv rektor at i dei fleste sakene ønskjer føresette å få aktivitetsplanen, men at dette ikkje gjeld i alle saker. Vi ser at det i ein aktivitetsplan går fram at kopi av aktivitetsplanen skal sendast til føresette, og fortløpende når den blir revidert. I ein av dei andre aktivitetsplanane står føresette sine namn som mottakarar i kopifeltet.

I to av aktivitetsplanane går det ikkje fram om denne er sendt til føresette.

Vår vurdering

Kravet er at eleven og foreldra som saka gjeld, får aktivitetsplanen frå skulen dersom dei ber om det. På bakgrunn av intervju og eigenvurderinger, finn Fylkesmannen det sannsynleg at eleven og foreldra får aktivitetsplanen frå skulen. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket er oppfylt på dette punktet.

Følgjer rektor opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Det går ikkje fram av skulen sin handlingsplan at tiltak skal følgjast opp. Det er heller ikkje dokumentert korleis skulen skal gjennomføre tiltak i tråd med aktivitetsplanen. Rektor viser til innsende aktivitetsplanar i eigenvurderinga i ReFlex. Aktivitetsplanane viser at tiltaka skal evaluerast, men det går ikkje fram kva skulen faktisk har gjort i kvar enkelt sak.

I intervju med lærarar på 5.-7. trinn kjem det ikkje fram korleis rektor følgjer opp at dei gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Vår vurdering

Kravet er at rektor følgjer opp at de gjennomfører alle tiltaka i planen slik dei er skildra, både i innhald og tid. For at rektor skal kunne følgje opp dette, må det jobbast med systematisk. Skulen må òg dokumentere at dei gjennomfører tiltaka i tråd med aktivitetsplanen.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at skulen kan dokumentere at dei gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen. Aktivitetsplanane viser ikkje kva skulen har gjort i kvar enkelt sak og tiltaka er ofte for generelle til at dei kan følgjast opp på ein tilstrekkeleg måte. Heller ikkje i intervju med lærarane kjem det fram korleis rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen.

Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sikrar rektor at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer?

Vår observasjon

Vi undersøker om rektor har bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen alltid hentar inn tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har verka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har verka og kva for endringar eleven ynskjer.

Rektor viser til rutinar og innsendte aktivitetsplanar i eigenvurderinga i RefLex. Ho skriv at dei alltid spør elevane, men at det ikkje er alle som ønskjer å snakke med t.d. rektor eller kontaktlærar om det. I dei tilfella har kontaktlærar eller rektor hatt dialogen gjennom føresette.

I handlingsplanen står det ikkje korleis tiltaka skal evaluerast eller kva som er skulens framgangsmåte for å innhente informasjon. I aktivitetsplanane er det eit punkt for evaluering. Vi finn at det varierer korleis desse evalueringane har vore gjort.

I intervju med lærarar på 5.-7. trinn kjem det fram at dei har munnlege samtalar med eleven, og det vert ført på eventuelle endringar etter ønskje frå eleven. På spørsmål om dei alltid har møte med eleven og om dette skjer på ein bestemt måte, svarar lærarane at dei har uformelle samtalar undervegs. Dei fortel at i enkelte saker har rektor bestemt det, men at dette ikkje har vore eit tema dei har snakka om.

Vår vurdering

Rektor må ha bestemt ein framgangsmåte som sikrar at skulen alltid innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer.

Vi er ser at skulen gjennomfører samtalar med eleven, og tek omsyn til elevens ønskje. Vi finn det sannsynleggjort utifrå eigenvurderinga og intervju at skulen evaluerer tiltaka og involverer eleven i evalueringa. I den innleverte dokumentasjonen går det likevel ikkje fram om skulen har ein framgangsmåte for korleis dette skal gjerast, til dømes kva informasjon skulen gir elevane for at dei skal kunne ta stilling til om dei vil uttale seg, kva saka gjeld og kvifor og korleis de skal gjennomføre samtalen.

Skulens framgangsmåte må sikre at de hentar inn nødvendig informasjon om korleis tiltaka har verka. Rektor må følgje opp at skulen innhentar informasjon i tråd med framgangsmåten. De må òg vurdere om det er andre personar enn eleven som kan gi informasjon om korleis tiltaka har verka, og innhente informasjon frå desse personane. Det er ikkje skildra i rutinen kva informasjon som skal hentast inn når tiltaka skal evaluerast. I aktivitetsplanane er det lagt opp til

evaluering, men det varierer korleis dette er gjort. Det er ikkje ein konkret framgangsmåte for kva informasjon som skal hentast inn. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Sørgjer rektor for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har virka og elevens syn?

Vår observasjon

Det går fram av handlingsplanen at det skal haldast eit evalueringsmøte, men det går ikkje fram kva informasjon som skal hentast inn eller korleis tiltaka skal evaluerast. På spørsmål i eigenvurderinga i RefLex om de alltid tilpassar tiltaka basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og elevens sitt syn, svarar rektor og lærarane ja.

I ein av aktivitetsplanane ser vi at det er gjort justeringar og at tiltak er endra. Vi finn også at skulen har aktivitetsplanar som går over tid, der tiltaka ikkje er justerte.

Vår vurdering

Rektor må systematisk følgje opp at skulen evaluerer og tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og elevens syn. Det vil seie at skulen må innhente informasjon og vurdere korleis tiltaka har verka. Dersom det kjem fram i evalueringa at eleven framleis opplever å ikkje ha eit trygt og godt skolemiljø, må tiltaka endrast eller erstattast med meir eigna tiltak. Evalueringa kan også føre til at skulen forlengjer tiltak som verkar.

Skulens handlingsplan har ein generell tekst om tiltak og evaluering på side 26, men det går ikkje fram kva som ligg i å følgje opp etter at tiltak er sett i verk, og om dette handlar om å vurdere tiltak. Vi ser også at skulen har hatt saker som har vart over tid. Det går fram av ei sak at tiltaka har vorte evaluert og justert, men det går ikkje fram av dei andre sakene korleis skulen har vurdert tiltaka og at dei har eventuelt vorte justert utover at dei har hatt eit evalueringsmøte.

Vi kan ikkje sjå at rektor systematisk følgjer opp at tiltaka blir tilpassa basert på informasjon om korleis tiltaka har virka og kva som er elevens syn. Fylkesmannen konkluderer med at krava i regelverket ikkje er oppfylt på dette punktet.

Informerer skulen elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til fylkesmannen dersom de meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta?

Vår observasjon

Rektor skriv i eigenvurderinga at det blir opplyst om dette. Rektor skriv at dei har liggande informasjon om dette temaet på heimsida til skulen. Ho har elles ei oppleving av høg grad av bevisstheit hos føresette kring temaet, spesielt dei siste åra etter at endringa av § 9 A kom. Planen ligg på skulens heimeside. Der står det på side 19, 27 og 33 at foreldre kan melde saka til fylkesmannen. I intervju med lærarane på 5.-7. trinn seier dei at dei informerer foreldra. Vi kan ikkje sjå utifrå dokumentasjonen og intervjuet at skulen har rutine på å informere elevane.

Vår vurdering

Skulen må informere elevar og føresette om at dei kan melde saka si til fylkesmannen, dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta. Fylkesmannen finn det sannsynleg at skulen informerer elevar og foreldre om at dei kan melde saka si til Fylkesmannen, dersom dei meiner at skulen ikkje oppfyller aktivitetsplikta.

5 Våre reaksjonar

5.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. kommunelova § 30-4:

Vi har funne at de ikkje etterlever regelverket på alle område. Vi varslar at vi vil gjere vedtak der vi pålegg dykk å rette opp følgjande, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova § 30-4:

1. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å følgje med og gripe inn, varsle, undersøke og setje inn tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skulemiljø, jf. Opplæringslova §§ 9 A-2, 9 A-3 og 9 A4. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, følgjer med på om elevane har eit trygt og godt skulemiljø, og at dei følgjer særleg godt med på elevar som er særskild sårbare
 - rektor sørger for at alle som jobbar på skulen, grip inn mot krenkingar dersom det er mogeleg
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom de får mistanke om eller kjennskap til at en elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor så raskt som saka tilseier
 - rektor sikrar at skulen undersøker saka når skulen har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har et trygt og godt skulemiljø
 - rektor sikrar at involverte elevar får uttale seg om kva som skal være innhaldet i aktivitetsplanen
 - at rektor sikrar at skulen setter inn egna tiltak dersom ein elev sin rett til eit trygt og godt skulemiljø ikkje er oppfylt
2. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til straks å varsle, undersøke og sette inn tiltak ved mistanke eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elevar, jf. Opplæringslova § 9A-3, 9A- og 9A-5. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen, varslar rektor dersom dei får mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elever, eller at dei varslar direkte til skuleeigaren dersom mistanken gjeld ein i skuleleiinga
 - rektor sikrar at alle som jobbar på skulen varslar rektor eller eventuelt skuleeigaren straks
 - rektor sikrar at skulen undersøker saka ved mistanke om eller kjennskap til at ein som jobbar på skulen, har krenkt ein eller fleire elevar

- rektor sikrar at skulen undersøker saka straks
3. Kommunen må sørge for at skulen oppfyller plikta til å gjennomføre, evaluere og tilpasse tiltak for å sikre at elevar har eit trygt og godt skolemiljø, jf. opplæringslova §§ 9 A-3, 9 A-4 og 9 A-9 og forvaltningslova § 11. Kommunen må i samband med dette sjå til at:
- det blir laga ein skrifteleg plan i tråd med krava i § 9 A-4 sjette ledd når skulen skal setje inn tiltak i ei sak
 - rektor følgjer opp at skulen gjennomfører tiltak i tråd med aktivitetsplanen
 - rektor sikrar at skulen innhentar tilstrekkeleg informasjon om korleis tiltaka har virka, inkludert elevens syn på korleis tiltaka har virka, og kva endringar eleven ønskjer
 - rektor sørger for at skulen tilpassar tiltaka basert på informasjonen om korleis tiltaka har verka og elevens syn

5.2 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 25. mars 2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

6 De kan gi tilbakemelding på rapporten

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå melding om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er samde med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Leikanger 17.desember 2020

Aase Bruntveit Njøs tilsynsleiar	Ole Kristian Os rådgjevar
-------------------------------------	------------------------------

Vedlegg

Dokumentasjon

- Eigenvurderingar i RefLex frå to assistentar, to kontaktlærarar 1.-4. trinn, to kontaktlærarar 5.-7. trinn og skuleleiinga.
- Plan for eit trygt og godt skolemiljø.
- Program planleggingsdagane 13.-15. august 2019.
- Program planleggingsdagane 12.-14.august 2020.
- Anonymisert registreringsskjema « 11. Registreringsskjema vedr. Opplæringslova § 9a».
- Bestilling oppdrag RVTS.
- Råd og tips - autisme.
- Instruks tilsyn [friminutt] ved Skogsvåg skule
- Teammøte veke 37, 7. september 2020
- Referat SAFO-møte 18. august.
- Skjema; utviklingssamtale 7. trinn haust 2019.
- Samtaleark utviklingssamtale.
- Klassemiljøundersøking- skjema.
- Årsmelding Skogsvåg skule 2019-2020.
- Elevundersøkinga 7. trinn.
- Skjema elevsamtale 7. trinn.
- Skjema elevsamtale 3.-4. trinn.
- Startsamtale 1. trinn.
- E-post om resultat – Elevundersøkinga.
- Døme på observasjon av elevar.
- Døme på observasjon og gripe inn.
- Døme – skjema for dokumentasjon av aktivitetsplikta.
- Døme gripe inn.
- Døme – logg – kontakt med skuleeigar.
- Døme – varsel og undersøking av sak.

Ettersendt dokumentasjon

- Innkalling til fellesmøte veke 38 – informasjon om tilsynet.
- Referat SFO-møte 15. september 2020.
- Oppsummering frå møte 21. januar 2020 – tema respekt, toleranse og språkbruk.

Vi gjennomførte intervju på Teams den 1. oktober med representantar for elevane, to kontaktlærarar på 1.-4. trinn, to kontaktlærarar på 5.-7. trinn og rektor.